

Referat frå styremøte 09. januar 2024

Stad: Kontoret
Tid: 17.00 – 21.00

Desse møtte: Marianne Jøsang, Åse-Berit Fidjeland, Astrid Skretting, Alice Tengesdal, Aslaug Sandanger, Gro Mabel Anda, Margrete Tytlandsvik, Inga-Lill Håkull og RB

Forfall: RBU, då me ikkje var godt nok utstyrt til å kalla inn på Teams.

Saksliste:

Sak 01/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste + velja sekretær
Åse-Berit Fidjeland fungerer som sekretær på møtet

Sak 02/2024 Gjennomgang av godkjent referat frå styremøte (førre)

Sak 03/2024 Referatsaker

- o Marianne:
- o Åse-Berit
- o Inga Lill: To styremøte i bondelaget (Teams desember og fysisk januar)
- o Gro Mabel:
- o Astrid:
- o Margrete:
- o Aslaug:
- o Alice:
- o RB:
- o RBU:
- o Studieforbundet:

Sak 04/2024 Økonomiske føringar

Repeterande sak: Orientering om økonomien p.d.d.
I møtet: Gro Mabel Anda har avslutta rekneskapet for 2023 og sendt ut på førehand. Både kontingent frå NBU og momskompensasjon er kome inn i år.
Vedtak: Tatt til orientering

Sak 05/2024 Oppfølging av lokallaga

Frå møtet: Ikkje alle lokallag har sendt inn styreskjema og/eller årsmelding til distriktslaget, men Aslaug Sandanger oppdaterer kontaktinformasjonen til lokallaga fortløpande på heimesida.
Vedtak: Soneleiarane sjekkar ut kven som er ny leiar og sekretær hos dei som ikkje har levert til nå.

Sak 06/2024 Bygdekvinne nyt(t)er maten

Frå møtet: Gro Mabel Anda orienterte om prosjektrapporten som er lagt ut på heimesida og må sendast til alle i styret til RBK, alle lokallag, NBK og Gjensidigestiftelsen.
Rekneskapet er avslutta og mest 50 000,- sendt attende til Gjensidigestiftelsen.
Det har m.a. vore færre møte i styringsgruppa, kanskje pga. erfaringa frå førre

prosjekt. Rentepengane kjem inn på neste års budsjett.
Prosjektet har generert mykje publisitet av lokallaga og bygdekvinnelaget generelt.

Vedtak: Tatt til orientering. Marianne sender ut rapporten til aktuelle mottakarar og han blir lagt fram på årsmøtet.

Repeterende sak går ut sidan prosjektet er avslutta.

Sak 08/2024 Nettstad og kommunikasjon

Sjå sak 05/2024

Sak 09/2024 Planlegging av årsmeldinga

Eige vedlegg sendt til dei i styret for arbeidsfordeling. Me nyttar same mal som tidlegare år.

Sak 07/2024 Arbeidsplanen

I møtet: Søknad til Studieforbundet bør inn på arbeidsplanen. Elles ynskjer Astrid ei evaluering av arbeidsplanen på årsmøtet, slik ho etterlyste på årsmøtet i fjor. I diskusjonen kom det fram at arbeidet i sonene er viktig, der ein m.a. kan diskutera korleis ta vare på unge, nye og "gamle" medlem og der ein deler kunnskap og gode idear. Forslag til vedtak kan vera å fortsetja arbeidet med å dela kunnskap og spreia idear.

Vedtak: Me arbeider vidare med arbeidsplanen på neste møte, og til då har Mabel forslag til nytt budsjett.

Sak 11/2024 Planlegging av årsmøtet 15.-16, mars

I møtet: Marianne held kontakt med valnemnda og Gjesdal BK. Dei har bestilt 60 rom på/nær Byrkjedalstunet og festkvelden blir i Glippehallen. Marianne tek seg òg av dei store annonsane.

Ordstyrarar er Astrid Hammersmark og Bjørg Seldal, og Marit Green Tymczuk kjem frå Noregs bygdekvinnelag.

Vedtak: Ordstyrarane og leiaren i valnemnda blir kalla inn til styremøtet kl. 18.00 tysdag 13.02.24

Sak 12/2024 Copyright Fadese

I møtet: Marianne Jøsang har fått e-post om å ha nytta eit NTB-bilete ulovleg i 17. mai-helsinga i 2021. Ho har svara, men fleire er i tvil om dette er reelt eller svindelforsøk.

Vedtak: Om krav kjem, betalar distriktslaget

Sak 34//2023 Rull opp

Vedtak: Styret går for lys utgåve, og Åse-Berit Fidjeland bestiller ein til RBK.

Rull opp-en blir presentert på årsmøtet og lokallaga får tilbod om å bestilla.

Eventuelt a) Nasjonalbiblioteket minner om pliktavlevering av dokument, tre eksemplar og òg digitalt, jf. lov av 01.01.22. Dette gjeld årsmeldinga.

b) Åse-Berit Fidjeland hadde laga forslag til stemmelappar til årsmøtet, og me vel den opne utgåva, dvs. utan bakgrunn

Margrethe Tytlandsvik ordnar servering på styremøtet 13. februar.